



Med ønskje om ein fin sommar til deg!

Hjartestad

Hjartestad er Stad sin nye profil som kan brukast av alle aktørar i samfunnet; kommunen, lag, organisasjonar, næringsliv, kultur, handel, bygdelag og deg som er innbyggjar her.

Har du lyst å laste å bruke logoen kan du laste den ned frå www.stad.kommune.no:
søk - hjartestad logo

[Følg Hjartestad på Facebook](#)

Vi håper sommaren blir fin og at du får gjort ting du og dine trivst med – om det er å bade, vere ute i naturen, lese, reise, styre på i hagen eller noko heilt anna. – Uansett er det mykje kjekt å oppleve, sjå og finne på her i Stad kommune!

Som ei helsing på veg ut i ferien vil vi gje deg ei sommargåve vi håper du finn glede i.

Fredag 18. juni kjem ein ny song som heiter HJARTESTAD. Songen handlar om oss som bur her i Stad kommune og dei fine stadane i kommunen vår!

Songen er laga av Vilde og Tore Hjelle. Dei har fått med seg artistane Anna Naustdal, Osellie Henden, Aleksander Räftevold, Maren Holmgren, Odd Erik Lothe, Line Dybedal, Tom Grinde og ungar frå Golvsengane barnehage som syng med.

Frå fredag 18. juni finn du Hjartestad-songen på Spotify. Om du ikkje har Spotify kan du også finne songen på Youtube ved å søke Hjartestad der. Tekst til songen finn du her i skrivet og på nettsida til Stad kommune www.stad.kommune.no.

Kva er din hjartestad?

Ein hjartestad er ein stad du likar å vere - ein stad du har det kjekt og bra, og som gjer deg ekstra glad! Det kan vere din eigen hage, favorittbadeplassen din, ein kafé, ein plass i naturen eller ein annan stad du likar å vere.

- - Finn din hjartestad i Stad i sommar og del på Instagram [#hjartestad](#)



Stad
kommune

Hjartestad

- på Spotify, Youtube
og NRK S&Fj frå 18. juni!

Tekst/ melodi: Vilde og Tore Hjelle

v1

Som ein knyttneve mot havet
som ingen storm kan ta
ligg Stadlandet med ein natur so rik
Og mens båra slår mot land
på ei kvit og farger strand
kan du surfe bølgene i Hoddevik

Ref:

Viss du tar ein tur til te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal
dra

At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at –
du aldri meir vil reise her ifra.
Det var her eg fann min hjartestad

v2

Eit kloster med ein helgen
og ei øy so grøn og fin
Selje ser ut som eit sydenparadis
Og med nordsjøen so nær
ser du bak deg når du fær
inn til Bryggja som ligg der i
solgangsbris

Ref:

Viss du tar ein tur te Nordfjord ...

v3

Ei sommarnatt ein sti so bratt
i barsk og flott natur
Vi kom fram, og ut på morgonen det leid
Og såg sola kome opp
ifrå Trollenykjens topp
med ei nydelig utsikt over Eid

Ref:

Viss du tar ein tur te Nordfjord ...

v4

Fjell og fjord, ein båt so stor
eit folk med vikingblod
Ein stad der du kan finne fred og ro
Med då himmelen sto i brann
over Sagaparkens strand
Ja då visste eg, det var her eg ville bu

Ref:

Viss du tar ein tur til te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal dra
At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at –
du aldri meir vil reise her ifra –
... viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal dra
At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at –
du aldri meir ve reise her ifra

Verdas beste vesle Stad



Stad
kommune